



Mjåtveit Næringspark AS  
Grønamyrvegen 2  
5353 STRAUME

Ikkje offentleg  
§ 24 2. ledd 1. punktum

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1059 - 17/10701

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
31.05.2017

## GBNR 22/218 - Førespurnad om mogleg søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova og/eller forureiningslova

### Bakgrunn:

Meland kommune har motteke bekymringsmelding knytt til mogleg utfylling/forureining i regulert friområde/naturvernområde på dykkar eigedom.

### Planstatus:


Det aktuelle arealet ligg på gbnr 22/218 og grenser mot næringsområde regulert gjennom *Detaljregulering for næringsområde Mjåtveit – Dalstø* (arealplanid 1256 2012 0001).

Utsnitt av detaljreguleringsplan over ortofoto 2015:



Arealet som synast å vere brukt som utfyllingsområde er gjennom *Reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø* (arealplanid 1256 2009 0002) regulert delvis som friområde og delvis som naturvernområde:

Utsnitt av reguleringsplankart:



Tidlegare godkjente grunnarbeid:

Etter gjennomgang av tidlegare løyve gitt av Meland kommune for utføring av veg-, vatn- og avlaupsanlegg i området, kan administrasjonen ikkje sjå at det er omsøkt eller godkjent utfylling mot friområde/naturvernområde på staden. Kommunen viser til utsnitt frå godkjent situasjonsplan gjennom vedtak datert 06.05.2013, DS-134/2013 (arkivsakid 13/182):



Situasjonsplanen over synast å vere i samsvar med godkjente teikningar gjennom vedtak datert 15.05.2012, DS-182/2012 (arkivsakid 12/960).

Førespurnad om opplysningar:

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøve inneber eit ulovleg tiltak etter plan- og bygningslova eller etter forureiningslova. Kommunen ber i fyste omgang om utgreiing om tiltaket. Kommunen ber om at følgjande punkt blir særskilt opplyst:

- Status på utfyllingsarbeida; når blei desse starta og pågår det framleis utfylling?
- Har grunneigar/tiltakshavar vurdert tiltaket opp mot plangrunnlag, eventuell trong for dispensasjon og/eller søknadsplikt etter plan- og bygningslova?
- Kva for typar masser er tilført arealet?
- Kva for tiltak har tiltakshavar/grunneigar gjort for å sikre at massane ikkje er ureine?
- Kva for miljøomsyn/tiltak har tiltakshavar/grunneigar tatt for å hindre avrenning til naturvernområdet og vassdraget på staden?
- Nærare opplysningar om omfanget av tiltaket, dvs kor mykje masser som er tilført arealet og om det ligg føre registreringar/dokumentasjon.
- Kva for vurderingar er gjort for å vurdere om tiltaket kan ha verknader på naturmangfaldet på staden, jf krava til aktsemd i naturmangfaldlova § 6?
- Dersom utfylling er utført av andre enn grunneigar, krev kommunen opplyst kva for føretak dette er og eventuelle utførande føretak, avtaler med grunneigar mv.
- Andre relevante opplysningar grunneigar/tiltakshavar måtte ha om tiltaket.

Frist for tilbakemelding:

**Frist for skriftlig utgreiing er 09.06.2017.**

Dersom det er utført tiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova og/eller forureiningslova, har kommunen rett og plikt til å følgje dette opp, jf Pbl § 31-2 og Forurl. kap 9. Om handsaming av ulovlege byggjetiltak blir det vist til reglane om oppføring av slike tiltak i pbl kap 32.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1059.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*